


Detaljregulering for Haukåsen næringspark - gbnr. 690/24 og 25 - hydrogenanlegg

(PlanID 2024008365, arkivnr. 24/8365)



Alle innkomne merknader ved høring og offentlig ettersyn

i perioden 23.05.2025 - 04.07.2025

Offentlige myndigheter og aktører:

- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, brev datert 27.06.2025
- Noregs vassdrags- og energidirektorat, brev datert 30.06.2025
- Møre og Romsdal fylkeskommune, brev datert 02.07.2025
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, brev datert 02.07.2025
- Direktoratet for mineralforvaltning, brev datert 03.07.2025
- Statens vegvesen, brev datert 04.07.2025

Kommunale råd, utvalg og tjenester:

- Hovudutval for teknisk, miljø og samferdsel, sak datert 02.06.2025
- Kommuneoverlegen, notat datert 10.06.2025
- Virksomhet for vann og avløp, notat datert 02.07.2025
- Ålesund brannvesen, brev datert 07.07.2025

Private aktører:

- Magne Valbø, brev datert 24.06.2025
- Mariann og Per Inge Aakvik, brev datert 03.07.2025
- Solfrid Valbø, brev datert 04.07.2025
- Advokatfirmaet Skansen AS på vegne av Dyrkorn AS og Ørskog Bilsenter AS, brev datert 04.07.2025



ÅLESUND KOMMUNE

Postboks 1521

6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Ålesund kommune

Gnr690 bnr24 og gnr690 bnr25 - detaljregulering - Haukåsen næringspark - produksjonsanlegg for hydrogen Uttale til høyring - motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Forslag til detaljreguleringsplan for Haukåsen næringspark er sendt på høyring. Målsettinga med planarbeidet er å legge til rette for etablering av produsjonanlegg for hydrogen i Haukåsen næringspark i kommunedel Ørskog. Området er i dag regulert til forretning/kontor/industri, men gjeldande plan opnar ikkje for brann- og eksplosjonsfarleg verksemd.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern

Ved varsel om oppstart, etterlyste vi ei avklaring av bruk av vatn til produksjonsanlegget, både vatn inn til anlegget og evt. utslepp av vatn.

Av saksframlegg/VA-rammeplan ser vi at det reknast om lag 2 personekvivalentar ut frå kontordel av tiltaket til reinseanlegg. Vidare går det fram at det skal etablerast grøfter til oppfanging og fordrøying av reint vatn frå omkringliggende terreng og frå store flater i anleggsområdet. Det går også fram at anlegget vil ha behov for om lag 6000 m³/h med reint vatn inn til produksjonen, og at dette ser ut til å vere akseptable mengder til leveranse frå det lokale vassverket.

Vi finn ikkje opplysingar om evt. spillvatn frå produksjonsprosessen, mengde og temperatur, korleis dette evt. skal handsamast og kva verknad det kan få i omgjevnaden. Ut frå at varmt vatn i større mengder kan ha uheldig verknad på natur- og miljøkvalitetar og økologiske tilhøve, har

Statsforvaltaren fremmer **foreløpig motsegn** til planframlegget inntil problemstillinga er tilstrekkeleg avklart.

Konklusjon

Statsforvaltaren har **motsegn** til planframlegget ut frå manglande avklaring kring evt. spillvatn frå hydrogenproduksjonen og verknadar frå dette på natur og miljø.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103	TØNSBERG

ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521

6025 ÅLESUND

Vår dato: 30.06.2025

Vår ref.: 202411458-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 24/8365

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for Haukåsen næringspark - hydrogenanlegg på gnr. 690 bnr. 24 og 25 - Planid 2024008365 i Ålesund kommune

Vi viser til brev datert 23.05.2025. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for Haukåsen næringspark i Ålesund kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av eit produksjonsanlegg for hydrogen.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

NVE ga innspel til planarbeidet i brev datert 21.08.2024. Då peika vi på uttak av vatn, tilgang til kraft og grunnforhold som aktuelle tema i planarbeidet.

Vassuttak

Totalt vassforbruk ved normal drift av anlegget vil vere 1,8 l/s og er innanfor kapasiteten som Ørskog private vassverk kan levere. Vassforsyninga har ikkje tilstrekkeleg kapasitet for å stette krava til sløkkevatn, og ulike løysingar er skissert. NVE viser til at nye eller auka uttak av vatn eller grunnvatn som følgje av eventuell framtidig utviding av anlegget, kan krevje avklaring i samsvar med reglane i vassressurslova.



Tilgang til kraft

Tiltakshavar har avtale om 20 MW elektrisitet og det er førebels ikkje ledig kapasitet for meir elektrisk kraft til området. Det er planlagt å føre fram ny 22 kV kraftleidning til planområdet frå Ørskog Trafo. NVE har ikkje utfyllande merknader.

Grunnforhold

Norconsult har i notat datert 12.08.2024 gjort vurderingar av områdestabiliteten for planområdet. Basert på synfaring er det dokumentert grunt til berg eller berg i dagen, og det er konkludert med at det ikkje er fare for kvikkleireskred. NVE har ikkje merknader til vurderingane som er gjort.

Overvasshandtering

Det er utarbeidd VA-rammeplan for planområdet som omfattar plan for overvasshandtering. Med bakgrunn i avgrensa kapasitet på eksisterande vassvegar ut av området, er det vurdert trong for drygingsmagasin for å sikre mot flaumar ved ekstreme nedbørshendingar. I framlegg til plankart er det så langt vi kan sjå ikkje regulert areal til overvasshandteringa.

Vi viser til NVE rettleiar [4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) og rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#). Frå desse rettleiarane rår vi til at klimajustert 100 års regn vert lagt til grunn i vurderingane, at flaumvegar blir vist heilt fram til resipient og at flaumvegar på området blir vist i plankartet med tilhøyrande føresegner.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til



saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
ÅLESUND KOMMUNE

Kopimottakarar:
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune



ÅLESUND KOMMUNE

Postboks 1521

6025 Ålesund

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/16559 - 25/84001	Björn Gregull -	02.07.2025
24/8365,	23.05.2025			
25/48090				

Ålesund kommune - detaljregulering - reguleringsplan - hydrogenanlegg på Haukåsen næringspark - gbnr 690/24 og 25 - offentlig ettersyn

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

INNLEIING

Saka gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplanarbeid for Haukåsen næringspark, hydrogenanlegg på gbnr. 690/24 og 25 i Ålesund kommune.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

Vi har ikkje merknader til intensjonen i planens hovudgrep.

Planomtale

Planomtalen viser i punkt 4.6.1 til statleg planretningslinje (SPR) for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging frå 2014. Denne retningslinja er no erstatta av den statlege planretningslinja for arealbruk og mobilitet, gjeldande frå 24.01.2025. Planomtalen **må** difor **supplerast** i tråd med den nye SPR-en og svare ut relevante føringar.

Det har òg kome ei ny statleg planretningslinje for klima og energi, fastsett 20.12.2024. Denne retningslinja er ikkje omtalt i dokumentet. Dokumentet må difor supplerast, særleg med merknader i tråd med relevante punkt i kapittel 4.3 og 5.3.

Møre og Romsdal fylkeskommune set som **vilkår for eigengodkjenning** at kommunen supplerer plandokumenta med naudsynt informasjon.

Planavgrensinga er etter vår vurdering uheldig valt. Ved vedtak av denne planen vil det stå att restareal frå den gamle planen frå 1999. I varsel om oppstart vart heile området teke med, men i den vidare planprosessen er arealet redusert til det minst nødvendige. Det er ikkje mogleg å gjere store endringar i planavgrensinga utan behov for nytt offentleg ettersyn, men det kan vere rom for mindre justeringar som kan gjennomførast som teknisk tilpassing.



Figur 1: Planavgrensningen som ville ha vært mest hensiktsmessig



Figur 2: Området som bør legges til planavgrensningen før endelig vedtak

Vi **tilrår sterkt** at planen blir vedteken med ei planavgrensing som vist i figur 2, for å unngå restareal frå eldre planar. I framtidige saker må kommunen vurdere føremålstenlege planavgrensingar for å hindre at restareal frå gamle planar blir ståande att.

Redaksjonelt er det ei feilmelding på side 43, kapittel 8.2.2, som med fordel kan rettast.

Planføresegnene:

Formuleringa i punkt 3.2 gir lite verdi slik ho står no. Dersom det er ønskeleg å fastsetje form, materialval og farge, må dette innarbeidast i planføresegnene, eller det må visast til eit juridisk bindande dokument som omhandlar arkitektonisk kvalitet og uttrykk.

Det same gjeld punkt 3.3. Her kan ein definere korleis til dømes støttemurar skal utformast, kva maksimal høgde dei kan ha, og eventuelt maksimal helning på terrenget.

Samfunns- og næringsutvikling

Energi

Vi ønsker å vise til [Forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene for å utnytte overskuddsvarme](#) som tredd i kraft 1. april 2025. I følge § 4 i forskrifta skal det for alle anlegg omfatta av [energilova § 7-2 første ledd](#) gjennomførast ei kost-nytteanalyse av moglegheitene for å utnytte overskotsvarme.

Regjeringa har også varsla at det kan kome strengare krav til bruk av overskotsvarme. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har, på oppdrag frå Energidepartementet, vurdert vidare innskjerping av regelverket. NVE sende si tilråding til departementet 18. juni 2024, og tilrådde mellom anna å senke effektgrensene for når kravet om å gjennomføre kost-nytteanalysar gjeld, slik at fleire anlegg blir omfatta. NVE føreslo også å innføre ei forenkla meldeplikt for å synleggjere brukbar overskotsvarme. Forslaga frå NVE inneber endringar i lov og forskrift, og er no til vurdering i departementet.

Vi viser til [Forskrift om energikartlegging \(energikartleggingsforskriften\)](#) som omfattar anlegg i drift med årleg gjennomsnittleg energibruk på minst 2,5 GWh dei siste tre åra. I følge § 4 i forskrifta skal kartlegginga inkludere ei vurdering av dei tekniske og økonomiske moglegheitene for tilkopling til eksisterande eller planlagt nett for fjernvarme eller fjernkjøling, og identifisere moglegheiter for utnytting av overskotsvarme og fleksibilitet i forbruket, samt moglegheiter for kostnadseffektiv produksjon av fornybar energi.

Utnytting av overskotsvarme kan vere svært nyttig i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Det kan bidra til å redusere belastninga på kraftnettet, noko som er særleg gunstig i Møre og Romsdal som har stort underskot på elektrisk kraft, og skape potensial for ny industrietablering og nye arbeidsplassar.

Produksjon av hydrogen har ein verknadsgrad på om lag 70 %. Det vil seie at 30 % av energien kan gå tapt. I følge planomtala s. 33 har Norwegian Hydrogen reservert 20 MW elektrisitet og står i kø for ytterlegare 250 MW. Det er estimert at anlegget som det no regulerast for, ved maksimal hydrogenproduksjon vil generere ca. 2,5 - 3,2 MW varme ved 50-60°C. Det er oppgitt at det vil bli installert varmevekslar for tilkopling av elektrolyseanlegget til eit fjernvarmeanlegg for å utnytte restvarmen. Det er veldig positivt at det blir lagt til rette for utnytting av overskotsvarme på denne måten.

Lokal produksjon av fornybar energi kan bidra til å avlaste kraftnettet, forbetre kraftbalansen og auke forsyningstryggleiken. Vi oppmodar til å vurdere moglegheitene for produksjon av eigen kraft, for eksempel solkraft eller nærvind, på eit tidleg stadium i prosessen. Slike vurderingar vil etter kvart bli eit krav når anlegget blir omfatta av energikartleggingsforskrifta.

To av resultatmåla i [Fylkesstrategi for klima, miljø og energi 2023-2026](#) er: «I Møre og Romsdal skal vi ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av elektrisitet og andre energibærarar» og «I Møre og Romsdal skal vi energieffektivisere og produsere meir fornybar energi». Anlegget som det no skal regulerast for, bidrar til det første av desse to måla ved å produsere og gjere tilgjengeleg hydrogen som energibærar. Samstundes krev produksjon av grønt hydrogen mykje elektrisk kraft, som det er stort underskot på i regionen. Det vil derfor vere vesentleg positivt om anlegget får utnytta potensialet for energieffektivisering gjennom utnytting av overskotsvarme, i tillegg til mogleg lokal produksjon av fornybar kraft på eget område.

Automatisk freda kulturminna

Vi viser til vårt brev frå synfaring datert 30.08.2024. Vi har ikkje motteke aksept på budsjettet for arkeologiske undersøkingar. Utan at desse undersøkingane er gjennomførte, kan planen ikkje eigegodkjennast i kommunen.

Med heimel i kulturminnelova § 9 fremjar Møre og Romsdal fylkeskommune **motsegn** mot planen inntil dei arkeologiske registreringane er gjennomførte. Vi ber om snarleg oversending av akseptbrevet for å kunne planleggje arbeidet.

Samferdsel

Giskemovegen fv. 522

Den gjeldande reguleringsplanen for området har ikkje stilt krav knytt til eventuelle utbetringar av offentlege vegar i influensområdet. Rekkefølgekrav i planer skal vere forholdsmessig, det vil seie at kostnaden ved eventuelle tiltak må vurderast mot utbygginga sin art og omfang. På bakgrunn av utgreiingane som ligg til grunn for planforslaget, er vi samde i vurderingane at det ikkje vil vere forholdsmessig å knytte rekkefølgekrav til utbetring av fv. 522 opp mot den utbygginga som reguleringsplanen vil opne for.

Kommunen nemner i si saksframstilling dei forventar fylkeskommunen som vegeigar i høyringa vurderer vegen sin framtidige funksjon og standard. Som vi peika på i fråsegn til varsel om oppstart så er fv. 522 smal og manglar tilrettelegging for mjuke trafikantar. Standard på fylkesvegen er noko vi som vegeigar er kjent med. Men vi kan dessverre ikkje planlegge eller gjennomføre tiltak utan at det er prioritert i fylkeskommunen sitt investeringsprogram og det er sett av midlar i gjeldande økonomiplan. På vårt vedteke investeringsprogram ligg Børdalslinja (ny veg inkl. tunnel, trase ikkje fastsett) som eit uprioritert tiltak. Utanom dette ligg det ikkje konkrete tiltak på investeringsprogrammet for denne vegstrekinga.

Frisiktsone gang- og sykkelveg

Reguleringsplankartet har vist frisiktsoner i krysset frå fv. 650 til den kommunale vegen Ole Dreng-vegen, men det manglar regulerte frisiktsoner frå krysset til gang- og sykkelvegen. Syklende på gang- og sykkelvegen vil krysse ein veg, og jamfør vikepliktsreglane i vegtrafikklova vil syklende ha vikeplikt for dei køyrande. Statens vegvesen si handbok N100 krav 4.2.1.3-2 viser

til kva krav som gjeld for frisiktsoner mellom gang- og sykkelveg og veg, der syklande på gang- og sykkelvegen har vikeplikt for dei køyrande.

Vi stiller som **vilkår for eigengodkjenning** at frisiktsone i tråd med N100 krav 4.2.1.3-2 og figur 4.2.1.3-2 bli regulert inn i plankartet som omsynssone.

Formulering føresegn 5.3 «Avkjørsel»

Føresegn 5.3 viser til at avkjørslar skal tilfredsstillе krav til utforming i «*enhver tid gjeldende veg- og gatenormer...*». Slik føresegna no er formulert, vil dette i realiteten si at alle nye vegnormalar vil få tilbakeverkande kraft. Dette kan vere svært uheldig dersom krava blir skjerpa, da dette vil kunne medføre meirkostnader. I tillegg har ikkje fylkeskommunen eigne vegnormalar, for vårt vegnett gjeld Statens vegvesen sine vegnormalar (forskrift jamfør veglova § 13). Jamfør lovtolking (Planjuss 2/2002) er det regelverk på vedtakstidspunktet til reguleringsplanen som i utgangspunktet gjer seg gjeldande – det er ikkje praksis at nytt regelverk automatisk skal ha tilbakeverkande kraft.

Vi **rår på det sterkaste** til at føresegn 5.3 blir endra til følgande formulering: «*Avkjørslar og kryss skal ha geometrisk utforming i tråd med Statens vegvesen sin vegnormal samt kommunen sin veg- og gatenorm*».

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene våre ovanfor for detaljar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har **motsegn** mot planforslaget på grunn av manglande gjennomføring av arkeologisk registrering. Planen kan ikkje eigengodkjennast før denne registreringa er gjennomført og resultatet ligg føre.

Det blir sett to vilkår for eigengodkjenning:

- Oppdatert planomtale i tråd med SPR for klima og energi
- Innregulering av frisiktsone i samsvar med N100

Vi har faglege råd knytt til:

- Planavgrensinga
- Endring av føresegn 5.3
- Supplering av tema frå SPR for arealbruk og mobilitet
- Redaksjonelle merknader

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Björn Gregull
fagleiar kommunal
planlegging

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Vår saksbehandler
Kristine RøstingDokumentdato
02.07.2025

Deres dato

Vår referanse
2024/7889-14Deres referanse
2024/8365

ÅLESUND KOMMUNE

Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Uttalelse til detaljregulering for Haukåsen næringspark - gbnr. 690/24 og 25 - hydrogenanlegg - offentlig ettersyn/høring - Storulykkeanlegg

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til forespørsel datert 28.05.2025 om innspill til offentlig ettersyn/høring av detaljregulering for Haukåsen næringspark (gbnr. 690/24 og 690/25) i Ålesund kommune.

DSB ga i juli 2024 en uttalelse til planoppstarten for Haukåsen næringspark, se vedlagt brev med innspill. DSBs kommentarer er fremdeles gjeldende.

Det fremgår av dokumentasjonen vedlagt høringen at det er utarbeidet ROS-analyse og preliminær risikovurdering med preliminnære risikokonturer. Basert på denne dokumentasjonen, fremstår det som at vurderingene rundt storulykkeanlegget i Haukåsen næringspark er på rett spor og har relevante tiltak for videre oppfølging (ref. ROS-analysen kap. 5.2). DSB vil vurdere behovet for arealmessige begrensninger rundt det planlagte hydrogenanlegget ved vurdering av den kvantitative risikoanalysen (QRA), når den foreligger, i samtykkesøknadens trinn I, jf. forskrift om håndtering av farlig stoff¹ §§ 16 og 17.

DSB har ingen ytterligere kommentarer.

Med hilsen
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Farlig stoff og industrisikkerhet

Espen Jensen
fungerende seksjonssjef

Kristine Røsting
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes derfor uten underskrift.

¹ Forskrift 8.juni 2009 nr. 602 om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen.

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I MØRE
OG ROMSDAL

Julsundvegen 9 6412 MOLDE

ÅLESUND BRANNVESEN KF

Brannsjef Sindre
Egeness

Sjømannsvegen 6008 ÅLESUND
1B

NORWEGIAN HYDROGEN AS

Korsegata 4B 6002 ÅLESUND

Vedlegg

- 1 Uttalelse til planoppstart - Haukåsen næringspark - hydrogenanlegg - gbnr. 690/24 og 25 - Ålesund kommune



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Dato: 03.07.2025
Vår ref: 24/04165-5
Deres ref: 24/8365, 25/48090

Uttalelse til høring og offentlig ettersyn av reguleringsplan for Haukåsen næringspark i Ålesund kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) viser til ovennevnte sak, datert 23. mai 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressurser og mineralvirksomhet. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for en langsiktig ressurstilgang basert på en forsvarlig og bærekraftig utvinning og bearbeiding av mineraler. Vi forvalter lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (mineralloven), og har i tillegg som sektormyndighet et særlig ansvar for at mineralressurser blir ivaretatt i saker etter plan- og bygningsloven.

Om saken

Ålesund kommune har vedtatt å legge forslag til reguleringsplan for Haukåsen næringspark ut på høring og offentlig ettersyn. Hensikten med planen er å tilrettelegge for anlegg til hydrogenproduksjon.

Uttalelse fra DMF

DMF viser til vår uttalelse til varsel om oppstart, datert 14. august 2024. Der ga vi blant annet innspill om massehåndteringsplan og informasjon om mineralloven. Det går frem av planbeskrivelsen kapittel 5.6, 5.17 og i omtalen av støy og støv i anleggsfasen under kapittel 8, at området i stor grad allerede er tilrettelagt. Det vil derfor være lite behov for uttak av masser og massehåndtering. DMF vurderer dermed at disse innspillene er ivaretatt.

DMF ga også innspill om at det bør gå frem av planen hvilke konsekvenser tiltaket vil ha for den berørte pukkforekomsten Haukåsen industriområde¹. Det er redegjort i kapittel 5.17 i planbeskrivelsen at forekomsten blir berørt, men det er ikke omtalt om det er gjenværende ressurser som blir gjort utilgjengelig som følge av tiltaket.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på www.dirmin.no. Her finner du også vår digitale kartløsning, som

¹ Haukåsen industriområde:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visPukkOmr.php?objid=220252



er et nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettigheter m.m., supplert med relevante kartdata fra andre etater.

Vennlig hilsen

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleder

Henning Sigstad
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Henning Sigstad

Mottakere:

Ålesund kommune

Postboks 1521

6025 ÅLESUND



Statens vegvesen

ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521

6025 Ålesund

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
24/171012-7

Deres referanse:
24/8365, 25/48090

Vår dato:
04.07.2025

Uttale til detaljregulering for Haukåsen næringspark – gnr. 690 bnr. 24 og 25 – Ålesund kommune

Vi viser til brev av 23.05.2025.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av en hydrogenfabrikk i Haukås næringspark.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen.

Vi skal bidra til å følge opp FNs bærekraftsmål rettet mot transportsektoren gjennom oppfølgingen av NTP-målene, hvor hovedmålet er et effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte delmål;

- Mer for pengene
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyllelse av Norges klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepte og hardt skadde
- Enklere reisehverdag og økt konkurranseevne for næringslivet.

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet betyr at vi har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, framkommelighet, universell utforming, klima og miljøhensyn, samt at helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturmottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggerne med mål om en bærekraftig utvikling.

Vår vurdering

Under nasjonale føringer vises det til statlige planretningslinjene for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging. Denne retningslinjen er erstattet av statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet. Dette må justeres slik at det vises til riktig retningslinje. Man kunne også ha vist til statlige planretningslinjer for klima og energi, og hvordan planforslaget forholder seg til denne retningslinjen.

Planomtalen beskriver godt utfordringene på fylkesvegnettet med vektbegrensning på fv. 650 over Steinholtbrua slik at transport mot E39/E136 må skje via fv. 522. Med en begrenset transport fra anlegget per døgn (8 kjøretøy), vil det, som utredningene viser, ha lite betydning for den totale trafikkmengden. Likevel er andelen lange kjøretøy på denne fylkesvegstrekningen stor, og etableringen vil føre til en ytterligere økning. Man burde derfor sett på mulige tiltak som kunne bedre trafiksikkerheten og fremkommeligheten på strekningen frem til krysset med E39/E136.

Vi har ellers ingen merknader til reguleringsplanen.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Høyring HTMS - Detaljregulering for Haukåsen næringspark - gbnr. 690/24 og 25 - hydrogenanlegg - offentlig ettersyn/høyring**Dokumentinformasjon:**

